

VEDTEKTER FOR RYSSHOLMEN BÅTEIGARLAG 2016

§ 1. LAGETS NAMN.

Lagets namn er "Ryssholmen båteigarlag."

§ 2. LAGETS FORMÅL.

Lagets formål er å bygge og drive ei trygg og god småbåthamn ved Ryssholmen, samt ta vare på medlemmane sine interesser for båtsport.

§ 3. Medlemskap.

Medlem kan ein verte ved å skrifteleg eller muntleg søkje til styret, som avgjer om medlemskap kan innvilgast. Medlemskapet er gyldig når medlemskontingent er betalt. Den årlege kontigenten skal være betalt ved utgangen av mai.

§ 4. VALGBARHEIT.

Alle medlemmar er valgbare til tillitsverv. Medlemmar som ikkje ønskjer gjenvalg, kan fråbe seg dette i like mange år som dei har hatt samanhengande verv i laget.

§ 5. TILDELING AV BRYGGJEPLASSAR M. M.

Bryggeplasser tildeles av styret etter ansennitet.

Unntak for slik ansennitet foreligger berre i dei tilfeller der ein som eiger ein bryggjeplass ynskjer å overdra sin båt plass med opparbeidd ansiennitet, til ein av sine foreldre eller til eit av sine barn. Det kreves i dette tilfelle berre at mottakaren av båt plassen har betalt kontingent for det året overdraginga skal skje.

Kvar medlem kan berre tildelast 1. båt plass. Kvar husstand kan berre tildelast 2 båt plassar.

Med husstand meiner ein familiemedlemmar i same kosthald.

Lag og organisasjonar som speidarar, barnehagar og liknande kan kjøpe ein båt plass. Bedrifter som i stor grad nyttar båt i si utøving av verksemda, kan også kjøpe seg 1 båt plass.

Medlemmar med båt plass som flyttar frå distriktet, eller av andre grunnar ikkje nyttar båt plassen,

pliktar å melde dette til laget, slik at plassen kan leigast ut til andre.

Også den som leiger ein båt plass må vere medlem i laget.

Båt plassen eigaren er ansvarleg for innbetaling av si årsavgift og kontingent til laget.

Leigetaker betaler sin kontingent til laget. Partane er sjølve ansvarlege for å opprette leigeavtale.

Når ein båtplasseigar sjølv ikkje har nytta båtplassen i 5 år, kan laget kreve å få løyse den inn.
Unntaket er langtidssjukdom.

§ 5. BRYGGJEPLASSAR, EIGARSKAP OG ANSVAR.

Bryggjene er i si heilheit eigd av bryggje-/plasseigarane (definert som bryggje A, B, C o.s.v.)

Bryggjeeigarane er ansvarleg for vedlikehald av bryggjene.
Det gjeld heile bryggja med fortøyning og landgang.
Vedlikehald av bryggjene skal organiserast av bryggjenemdene isamråd med styret.
Båtplasseigar skal rette seg etter pålegg og anvisningar frå bryggjenemdene og må soleis også delta i dugnads-/vedlikehaldsarbeid.

Bryggjene består av: Landgang, landstog, bryggjeelement, utliggjarar, kjetting, trosser, anker og støypte fester i land.

Bryggjene skal haldast i forskriftsmessig og forsikringsmessig stand etter gjeldande lovverk.

Styret i Ryssholmen båteigarlag kontrollerar alle bryggjene ein gong kvart år, for å sjekke tilstanden på anlegget og at dei er i forskriftsmessig stand.
Krav til utbetring av bryggjene kan styret påleggje eigarane/bryggjelaget det gjeld.

Bryggjeformennene pliktar å halde bryggjereknskap, og skal legge desse fram for styret min. ein gong pr. år.

Forsikring av bryggjene/anlegget :
Bryggjeeigarane/båteigarar pliktar å forsikre båtane sine sjølve.

Bryggjelaget skal sjølv sørge for sal av utrangerte bryggjer, samt syte for fjerning av utrangert materiell.
Bryggjelaget disponerer salgssum av utrangert utstyr sjølve.

(Tillegg til § 5 vedteke på årsmøtet 14.04.15:)

Framleige av båtplassar: Leige skal begrensa til å dekke eigar sine utgifter begrensa til kontingent og båtplassleige. I tillegg må leigetakar vere medlem i Ryssholmen Båteigarlag, og betale medlemskontingent.

§ 6. ÅRSMØTET.

Årsmøtet er lagets høgaste organ og det holdes kvart år innan utgangen av mars månad.

Årsmøtet er vedtaksført når minst 20 medlemmar + eit vedtaksført styre er til stede. Ved mindre enn 20 frammøtte + et vedtaksført styre, skal styret kalle inn til ekstraordinært

Årsmøte, som ikkje er avhengig av frammøte. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle

saker som var satt på sakskartet til det ordinære årsmøtet.

Vedtak på årsmøtet vert gjort med simpelt fleirtal. Ved stemmelikheit er leiar/formann, nestleiar/nestformann eller ordstyrers dobbelstemme i oppsatt rekkefølge avgjerande.

Vedtektsendringer vedtas med $\frac{3}{4}$ fleirtal.

Saker til årsmøte må vere styret i hende 2 veker før årsmøte. Innkalling til årsmøte skal kunngjerast 3 veker før årsmøte.

Årsmøtets foretningsorden:

- 1.) Godkjenning av innkallinga.
- 2.) Godkjenning av sakliste.

Før valg under p. 3,4 og 5 avgjer Årsmøtet om disse kan ha styreverv.

- 3.) Val av referent.
- 4.) Val av 2 medlemmar til å underskrive protokollen.
- 5.) Val av ordstyrer.

- 6.) Handsame Årsmeldinga.
- 7.) Handsame revidert reknskap.
- 8.) Handsame ev. endringer i vedtekter eller reglement
- 9.) Handsame saker som styret legger fram.
- 10.) Fastsette medlemskontingenten.
- 11.) Fastsette timelønn til innleigde medlemmar.
- 12.) Fastsette leigesatser for båtplasser.
- 13.) Fastsette satser for opptrekk.
- 14.) Fastsette ev. godtgjersle til tillitsvalgte.
- 15.) Godkjenne medlemsfinansiering av utbygging på hamneområdet.
- 16.) Handsame budsjett for neste år.

- 17.) Val av formann/leiar for 1 år.
- 18.) Val av inntil 3 styremedlemmar etter behov. (Disse konstituerer seg innan 14 dagar.)
- 19.) Val av 2 nummererte vararep. til styret.
- 20.) Val av .1 revisor
- 21.) Val av leiar for valkomiteen for 1 år. (kan ikkje sitte i styret).
- 22.) Val av 2 medlemmar til valkomiteen for 1 år. (kan ikkje sitte i styret).
- 23.) Val av opptrekks/naustansvarleg.
- 24.) Val av bryggeleder til kvar brygge.(i tilfelle sjølveigarbrygger velges disse internt.)

Årsmøteterferenten skal skrive nøyaktig referat frå årsmøtet, og styret sender ut et avkorta referat saman med kontingentkravet.

§ 7. STYRET.

Styret er lagets øverste organ mellom årsmøta, og det konstituerer seg seinast 14 dagar etter årsmøtet.

Styret består av ein formann/ leiar som årsmøtet har valgt separat, 4 styremedlemmar, samt 2 nummererte varamedlemmar.

Styret sørger for alle foretningar som årsmøtet har vedteke, eller som årsmøtet har gitt klar fullmakt til styret om å ta stilling til.

Styret handsamar alle saker som medlemmane foreslår, og fattar vedtak eller fremmer det for årsmøtet,

dersom det ligger til årsmøtet å behandle gjeldande sak.

Saker til styret må vere styret i hende seinast 8 dagar før møtet vert halde.

Styremøte vert halde så ofte som formann/leiar ser det nødvendig, eller dersom minst to av

styremedlemmene ynskjer det.

Innkalling til styremøte skal gå til dei faste styremedlemmene og begge varamedlemmane,

på telefon med minst 8 dagars varsel.

Styret er vedtaksføre når minst 3 av medlemmar/ varamedlemmar er til stede.

Blant desse må enten formann/leiar eller nestformann/nesttleiar vere.

Ved stemmelikheit er formann/leiar – eller nestformann/leders dobbeltstemme i oppsatt rekkefølge avgjerande.

Styret skal påtale brot på vedtekter, hamnereglemang eller andre bestemmelsar fatta av årsmøtet eller styret.

Det skal skrivast nøyaktig referat frå alle styremøter. Disse skal sendes til alle styrets medlemmar og varamedlemmar.

§ 8. VEDLIKEHALD/ UTBYGGING.

A) Fellesanlegg:

Vedlikehald og utbygging av/på fellesanlegget organiseres blant lagets medlemmer etter fastsatt timelønn

til medlemmer, eller ved at styret leiger inn firma til jobben.

B) Bryggjer:

Vedlikehald og utbygging av bryggjer- slik det går fram av 5a 2. ledd –

organiserast mellom medlemmane på den bryggja det gjelder etter fastsatt timelønn til medlemmar, eller ved at bryggjelaget leiger inn firma til jobben.

§ 9. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE.

Styret kan, dersom dei finn det naudsynt, eller når skriftleg anmodning er innlevert av minst 10 medlemmar, kalle inn til ekstraordinært årsmøte vedlagt saker som skal behandlast. Andre saker kan ikkje takast opp under møtet. Slikt årsmøte kallast inn med 8 dagers varsel.

§ 10. SUSPENSJON.

Medlemmar som er til skade for laget, eller ikkje rettar seg etter vedtekter, reglemang eller andre lovleg fatta vedtak, kan styret suspendere og, i grove tilfeller, vise dei ut av hamna.

Slike vedtak kan ankast inn for første årsmøte. Ankefristen er 3 veker etter at vedtaket er forkynt, og anka har oppsettande verknad.

Slik anke skal stilast til Årsmøtet, men adresserast til styret.

§ 11.TVISTAR.

Twist mellom medlemmar i laget og småbåtlaget, og medlemmar i laget imellom skal avgjerast av en voldgiftsnemd på 3 personar. Kvar av partane oppnemner eit medlem, og lensmannen i Ulstein og Hareid oppnemner oppmann. Dersom partane ikkje oppnemner sitt medlem innan 14 dager etter skriftleg varsel, oppnevnes også disse av lensmannen i Ulstein og Hareid.

§ 12. OPPLØYSING AV LAGET.

Vedtak om at laget skal oppløysast må gjerast av 2 årsmøter der det eine er eit ordinært årsmøte.

På begge disse årsmøta må minst 2/3 av medlemmane vere tilstades.

Vedtak må fattast med 2/3 fleirtal.

[Tillegg til §12 vedteke av Årsmøte 05.04.2016:](#)

[Ved oppløysing av laget skal verdiane tilbakeførast til ein frivilleg organisasjon/lag.](#)

§ 13.ADMINISTRATIV AVVIKLING.

Dersom det er fatta loveleg vedtak om oppløysing av laget etter desse vedtekter, skal det velgast eit avviklingsstyre på 4 medlemmar + sittende kasserar.

Andre medlemmar frå det sitjande styret kan også velgast.

§ 14.IKRAFTTREDELSE.

Desse vedtekter trer i kraft frå det tidspunkt vedtak om dette er fatta.

Frå same tidspunkt opphevast lagets vedtekter frå 1973.